
Fra: Benthe Vevle <benthe.vevle@bergen.kirken.no>
Sendt: 30. april 2015 10:55
Til: KR-Postmottak
Emne: Veival for ny kyrkjeordning

Vegval for ny kyrkjeordning

Ytre Arna sokneråd har arbeid med 3 av spørsmåla i «Veival for framtidig kyrkjeordning.»

Forslag til vedtak:

- 1. Bør det gjeras endring i fordeling av oppgåver og myndigheit mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå ?**

Svar

Ja, det er viktig med nærleik mellom kyrkja og folket. Soknet som kyrkjias grunneining må få større påverknad ved tilsetjingar.

Ved tilsetjingar av prestar bør ein representant frå soknet vera med i tilsetjingsorgan, ikkje berre ha uttalerett.

- 3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkje fell vekk, kva ordning vil høyringsinstansen gå inn for ?**

Svar

Ingen av alternativa er ynskjelege. Løysinga som er i dag, er den vi føretrekkjer.

Viss denne ordninga fell vekk, er ei livssynsavgift via

Skattesetelen den beste løysinga. Staten må inn når det gjeld kyrkjebygga. Mange kyrkjebygg er kulturminne som er svært dyre å halda. Dei er korkje bygde ut frå det kyrkjelydane treng i dag, eller etter kor mykje folk som bur i dei ymse sokna.

Vedlikehaldsansvaret slår difor svært urimeleg ut for kommunane.

- 16. Bør alle tilsette ha same arbeidsgjevar og kva organ bør det vera?**

Svar

Arbeidsgjevaransvaret for alle kyrkjelege tilsette som arbeider i soknet bør leggjas til bispedømerådet.

Det føreset ein delegasjon til instansar på soknenivå som kan ivareta den daglege leiing og andre arbeidsgjevarfunksjonar.

Fellesråda bør har forvaltningsansvar.

Votering:

Forslaget vart samrøystes godkjent

Med venleg helsing
Benthe Vevle
Administrasjonsleiar
Ytre Arna kyrkjelyd

Postboks 64, Arna - 5888 Bergen
Tel: 55362273 - Mob: 41263065
E-Post ytre.arna.menighet@bergen.kirken.no